



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 3. november 2025

Sak 2025/458 - Stedjeåsen Trakkarlag - org.nr. 920 257 178 - klage over vedtak om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Medlemmer i Lotterinemnda: Leiar Martin Hennig, og medlemmene Renate Kristiansen og Joachim Amundsen Trana

Bakgrunnen for saka

- (1) Stedjeåsen Trakkarlag (klagar) søkte 30. juli 2024 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2023. Søknaden hadde eit søknadsgrunnlag på 125 692 kroner, og gjaldt eit søknadsbeløp på 10 055 kroner etter forenkla modell.
- (2) Lotteritilsynet av slo søknaden 17. desember 2024, med den grunngivinga at det ikkje blir gitt kompensasjon for ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annan fast eigedom som ikkje blir sett på som drifts- og vedlikehaldskostnader, jf. forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner (forskrifta) § 6 bokstav b. Tilsynet vurderer at mesteparten av kostnadane er knytt til innkjøp og montering av skilt langs ein tursti, og at dette er på- og ombyggingskostnader for anlegg. Tilsynet ser også at søkar mottek eit årleg tilskot frå Sogndal kommune for reinhald og anna knytt til dagsturhytta «Stedjestova». Dette vurderer tilsynet som verksemd på bestilling frå det offentlege, og kostnader til slik verksemd fell utanfor ordninga, jf. forskrifta § 3 tredje ledd bokstav e. Tilsynet vurderer også at denne verksemda kjem offentlege oppgåver til gode, og at kostnadane også fell utanfor ordninga etter forskrifta § 3 tredje ledd bokstav f. Dei ovannemnde kostnadane gir ikkje rett til kompensasjon, og skal derfor trekkast frå søknadsgrunnlaget. Det resterande søknadsgrunnlaget er derfor under 100 000 kroner, som er minstegrensa for kompensasjon etter forenkla modell, jf. forskrifta § 4 andre ledd første setning. Søknaden blir derfor avslått.
- (3) Stedjeåsen Trakkarlag klaga på vedtaket 5. januar 2025. Klagar gjer gjeldande at søknaden i all hovudsak gjeld informasjonstavler i høve til historiske stader og fugle- og dyreliv i Stedjeåsen. Hovudrekninga for desse er på 118 431 kroner. Klagar har også betalt ein liten sum for ei miljøfagleg utgreiing knytt til tavlene. Klagar meiner at dette ikkje er anleggskostnader i samband med turstien. Vidare får klagar 10 000 kroner av kommunen til ettersyn av dagsturhytta «Stedjestova», men har ikkje hatt konkrete utgifter til hytta i 2024. Søknadsgrunnlaget skal derfor ikkje reduserast. Klagar har vedlagt tre bilete av skilta for å illustrere arbeidet. Det vises elles til klagen i sin heilskap.
- (4) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket og sende klagen med innstilling 11. mars 2025 til Lotterinemnda for behandling, jf. forvaltningsloven § 33.

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

Det rettslege grunnlaget

- (5) Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner (forskrifta).
- (6) Ved søknad etter forenkla modell følger det av forskrifta § 7 at søknadsgrunnlaget skal bereknast av totale driftskostnader etter avgrensing og postar det skal gjerast frådrag for, jf. andre ledd og § 6.
- (7) Det følger av forskrifta § 6 bokstav b at det ikkje skal ytast kompensasjon for ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annan fast eigedom som ikkje blir sett på som drifts- og vedlikehaldskostnader.
- (8) Det følger vidare av forskrifta § 4 andre ledd første setning at søkar må ha minst 100 000 kroner i søknadsgrunnlag etter forenkla modell.
- (9) Av forvaltningsloven § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheva det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Vurderinga til Lotterinemnda

- (10) Klagen til Stedjeåsen Trakkarlag gjeld vedtaket til Lotteritilsynet 17. desember 2024 om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2023.
- (11) Spørsmålet for Lotterinemnda er om Lotteritilsynet kunne avslå søknaden til klagar om meirverdiavgiftskompensasjon på 10 055 kroner.
- (12) I forskrifta § 6 bokstav b står det at det ikkje ytast kompensasjon for «ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annen fast eiendom som ikke anses som drifts- og vedlikeholdskostnader».
- (13) Klagar gjer gjeldande at kostnadane til informasjonstavlene ikkje er anleggskostnader i samband med turstien.
- (14) Lotteritilsynet har i innstillinga lagt til grunn at skilta som er plassert ved den tidlegare etablerte stien i Stedjeåsen er klart knytt til stien, og er ein del av turstianlegget i Stedjeåsen.
- (15) Ordlyden «ny-, på- og ombyggingskostnader for bygg, anlegg eller annen fast eiendom» tilseier at det må gjelde kostnader til eitt bygg, anlegg eller annan fast eigedom. Lotteritilsynet har i si grunngiving lagt til grunn at turstien i Stedjeåsen er ein del av eit «anlegg», jf. forskrifta § 6 bokstav b. Lotterinemnda kan ikkje sjå at tilsynet har føreteke ei nærare vurdering av om vilkåret «anlegg» er oppfylt i denne saka.
- (16) Lotterinemnda ber Lotteritilsynet føreta ei vurdering av om kostnadane er knytt til eit «anlegg», jf. forskrifta § 6 bokstav b. Nemnda opphevar dermed vedtaket til tilsynet, og sender saka tilbake for ny behandling.

Konklusjon

- (17) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at vedtaket til Lotteritilsynet skal opphevast, og at saka blir sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Vedtak

Vedtaket til Lotteritilsynet 17. desember 2024 opphevast. Saka blir sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur